



Brynhild Winther
Studentbyen Nattland 59
5082 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1924 - 14/12648

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
23.05.2014

Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 213/18 Eikanger nedre

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanens arealdel for å kunne nytta eigedommen til bustadføremål. Eksisterande bygning på eigedommen har vore nytta som bedehus/meninghetshus. Denne saka gjeld kun dispensasjon. Sjølve byggesaka om bruksendring av bygget må sendast inn i eigen søknad.

Plangrunnlag:

Eigedommen er avsett til offentleg eller privat tenesteyting i kommuneplanens arealdel. Bruk av eigedommen til bustadføremål krev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen og frå plankravet i kommuneplanen.

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 14.05.2014, der følgjande vedtak vart fatta:

PM - vedtak:

Vedtak i PMU - 14.5.2014:

Eigedomen er i kommuneplanen regulert til offentleg/privat tenesteyting på grunn av eigedomens bruk på det tidspunkt kommuneplanen vart laga. Dåverande bruk er no opphøyr og det er ynskje frå noverande eigar å benytte eigedomen til bustadformål. Plan- og miljøutvalet meiner at eigedomen er betre å utnytte til bustadformål enn til offentleg / privat tenesteyting. Plan- og miljøutvalet ser imidlertid store utfordringar med å få gjennomført bruksendring av eksisterende bygningsmasse til bustadformål. Plan- og miljøutvalet gjer oppmerksom på at ei bruksendring må fremmast som egen sak og at oppfyljing av relevante krav i lov og forskrift må dokumenterast i den forbindelse.

Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon frå gjeldande arealformål og gjev løyve til at eigedomen kan nyttast til bustadformål.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Andre forhold:

I samsband med innsending av byggsaka for bruksendring av eigedommen, må det søkjast om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl) § 1-8, om byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø. For innhald og krav til dispensasjonssøknad, vert det vist til pbl § 19-1.

Lindås kommune gjer merksam på at det vedtaket som Plan- og miljø har fatta kun gjeld dispensasjon frå kommuneplanen i høve til å kunne nytta eigedommen til anna bruk enn den kommuneplanen legg opp til. Byggesaka for sjølve bruksendringa til bustad er ikkje handsama, og bygget er såleis ikkje godkjent som bustad og kan heller ikkje nyttast som bustad før det ligg føre godkjent løyve til dette. Bruk av bustaden i strid med det bygget er godkjent som, er eit ulovleg tilhøve som kommunen kan følgje opp med heimel i pbl. kapittel 32.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for bruk av eigedommen til bustadføremål - gbnr 213/18 Eikanger nedre
Kommuneplankart
Situasjonskart
Dispensasjonssøknad
Foto frå synfaring
Skråfoto

Mottakarar:

Brynhild Winther

Studentbyen
Nattland 59

5082

BERGEN

